



HERØY SENTERPARTI PROGRAM 2019-2023





PROGRAM 2019-2023

Grunnsyn og målsetting

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå. Vi vil ha eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske, som med tru på egne evner tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og for natur og miljø.

Senterpartiet er eit verdikonservativt parti som vil bygge politikken sin på eit kristent/humanistisk grunnsyn. Vi meiner at trivsel, tryggleik og gode tenester for kvar einskild innbyggjar skal vere det viktigaste målet for all kommunal verksemd. Kommunen sin politikk må ha eit desentralisert mønster. Vi vil sikre kommunen handlingsrom gjennom god økonomisk styring.

Herøy Senterparti vil arbeide for god kvalitet på tenestene til ein akseptabel pris

Bustadpolitikk

Senterpartiet vil arbeide for

- at kommunen skal ha styring med korleis Herøy skal utvikle seg som kommune, der det er særst viktig at det vert ein tettstad for folket, med fokus på grønne lungar og trivsel
- å sikre trygge og gode bu- og oppvekstmiljø i heile kommunen
- gode og tenlege tomtetilbod både i sentrumskrinsen og dei andre bygdelaga i kommunen
- å ivareta god byggeskikk ved nybygging og rehabiliteringar
- å auke ramma til startlån slik at unge i etableringsfasen, familiar, einslege og flyktningar som har vanskeleg for å få lån i private bankar skal ha moglegheit til å kjøpe eller bygge nøkterne bustader/leilegheiter
- ei langsiktig planlegging gjennom kommunalplanen, og kvalitativ utvikling av bygningsmasse

Skule og oppvekst

Barnehage- og skuletilbodet må stå i stil med utbygging av nye bustader og bustadfelt. Skulen skal vere ein god stad for læring og trivsel og vere utan mobbing.

Senterpartiet vil arbeide for

- å behalde dagens skulestruktur i barne- og ungdomstrinna
- sikre drifta av dei 4 kommunale barnehagane vi har i kommuna
- å behalde eit godt og desentralisert barnehagetilbod
- auka ressursar og fleire lærarar til grunnskulen, særleg på 1.-4. trinn
- å prioritere ei styrking av helsesøstertenesta i skulane
- eit godt SFO-tilbod på alle barneskulane, gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar, og la pris stå i forhold til kvalitet
- å vedlikehalde skuleområda
- punktleg og sikker skuleskyss der alle elevar skal ha rett til sitjeplass i bussen
- at den vidaregåande skulen skal kunne gje eit variert utdanningstilbod i samarbeid med næringslivet i regionen og distriktet
- å behalde ressursane i kulturskulen til ein akseptabel pris
- å trygge skulevegane for elevar i heile kommunen
- eit sunt og godt måltid i grunnskulen



Barnevern

Vald og seksuelle overgrep mot born er et aukande samfunn- og folkehelseproblem. Konsekvensane er store for kvar enkelt, og kostar samfunnet store summer kvart år. Meir kunnskap i barnehage, skule og andre arenaer i kommuna som jobbar med born og unge vil være med på å førebygge vald og seksuelle overgrep mot born.

Senterparti vil jobbe for:

- at de tilsette har riktig kompetanse om seksuelle overgrep
- at det finns planer og rutinar for arbeidet med å førebygge og å avdekke overgrep, og å hjelpe born som utsettast for slikt
- at det finns tydelege retningslinjer for samarbeid, både internt i vår kommune og mellom kommunen og andre instansar som sjukehus, politi og våre nabokommunar

Kultur- og fritidstilbod

Eit allsidig kultur- og fritidstilbod er avgjerande for trivselen i kommunen. Grunnlaget for mangfald av kulturliv og fritidstilbod ligg i aktiviteten til frivillige lag og organisasjonar. Sentralt i arbeidet for byggjande kultur- og fritidstilbod står idretts- og nærmiljøanlegg, grendehus, samlingshus og andre samlingsstader. Senterpartiet vil støtte og stimulere det arbeidet desse gjer saman med andre byggjande kultur- og fritidsaktivitetar, og arbeide for at desse skal få støtte til drifta.

Senterpartiet vil arbeide for

- at barnefamiljar med dårleg økonomi får tilgang til kultur- og fritidstilbod
- å sikre grøntanlegg og parkar som trivsels- og møteplassar for alle
- å ta vare på verneverdige bygg som er att i kommunen
- at kommunen må ta vare på og utvikle eigedomen på Herøy Gard og sunnmørsjekta «Anna Olava» til aktiv bruk
- å legge til rette for, og støtte opp om aktivitetar for uorganisert ungdom
- å støtte opp om ungdomsrådet
- å oppretthalde midlane for trivselstiltak i krinsane
- å utvide eksisterande friluftstilbod til born og unge
- å støtte og oppmuntre til frivillige tiltak, og å få innbyggjarane i alle aldrar til å bruke den unike naturen og fritidstilboda vi har i kommunen
- å støtte og legge til rette for å bygge gang- og turstiar tilpassa rullestolbrukarar fleire plasser i kommunen
- å støtte frivillige lag og organisasjonar innan idrett og friluftaktivitetar

Helse og omsorg

Senterpartiet vil arbeide for å oppretthalde eit godt helsetilbod i Herøy med gode lækjartenester, tannlækjar-, jordmor-, sjukepleie-, fysioterapi-, ergoterapi-, logoped-, ambulanse- og omsorgstenester. Planane for eldreomsorga må verte vidareførte og sette ut i livet i takt med behovet. Senterpartiet ynskjer at dei som vil og kan får bu i heimemiljøet så lenge dei klarer det, men ein skal ha rett til pleie- og omsorgsplass når ein har behov for det.

Senterpartiet vil arbeide for

- å styrke helsesjukepleiartenesta i skulane
- å auke grunnbemanninga og få fleire heile stillingar på sjukeheimar, omsorgsbustadar og i heimetenesta for å redusere sjukefråværet
- å tilby heile stillingar til alle som ynskjer det
- ei god og stabil kommunehelseteneste og omsorgsteneste for alle innbyggjarane i kommunen
- å leggje vekt på førebyggjande helsearbeid og vidareføre Frivillegheitssentralen

- at alle innbyggjarar som treng det skal få tilbod om institusjonsplass, også ferdigbehandla pasientar frå sjukehus
- at behovet for avlastningsplassar, eldrebustader og omsorgsbustader vert støtta
- at pleiepersonell og tilsette i helse- og omsorgstenesta får tilstrekkeleg kompetanse, gode arbeidstilhøve med mogelegheit for vidareutdanning, og tilpassa stillingsheimlar
- at kommunen skal følge nasjonale retningslinjer for omsorgslønn
- at kommunen må leggje til rette for bustadar i krinsane for eldre som framleis ynskjer å bu i heimekrinsen
- å styrke fysio- og ergoterapitenesta
- å sikre akuttfunksjonen for lokalsjukehusa
- å oppretthalde tenestene ved Mork Rehabiliteringssenter
- å utvide aktivitetstilbodet til eldre og andre interesserte til å drive med kjøkkenhage i Fosnavåg og krinsane

Beredskap

Herøy Kommune må førebu seg på at interkommunalt samarbeid vil auke. Med Myrvåg si geografiske plassering må eit område verte øyremerka til oppsett av utrykingsentralar for brannvesen-, politi- og ambulansetenestene.

Herøy Senterparti ynskjer å

- ha døgnbemanna brannstasjon i Myrvåg og på Eggesbønes

Sosialpolitikk

Senterpartiet vil arbeide for

- å redusere problem knytte til rusmisbruk
- eit viktig og haldningsskapande arbeid og førebygging i skulane
- at dei som har vanskar må få hjelp til å kome ut av rusproblema sine
- en oppdatert handlingsplan for psykisk helse og rus, og eitt godt ettervern
- at ungdomspsykiatri, PP-teneste, helsesystemteneste og barnevern må samarbeide med foreldre og skule, både for å førebygge og å drive ettervern
- meir synleg lokalpoliti
- at flyktingar som vert plasserte i kommunen må integrerast i lokalmiljøet. Det må stillast krav til at dei som får opphald, tilpassar seg det samfunnet dei skal bu i, og at dei lærer så mykje norsk språk som mogleg slik at dei kan fungere godt i lokalsamfunnet
- at barnetrygda ikkje skal vere ein del av grunnlaget for sosialstøtte

Samferdsel

Arbeidet med utbetring av vegar, farlege kryss, tunellar og bruer i Herøy må halde fram.

Herøy Senterparti vil arbeide for eit trygt trafikkmiljø for alle trafikantar, særleg viktig er det å gi borna våre trygg skuleveg. Fleire gang- og sykkelveggar må byggast der det er behov, også langs fylkesvegane.

Vi vil arbeide aktivt opp mot fylkeskommunen og Vegvesenet for løyving av midlar til dette arbeidet.

Gode kollektivtilbod tilpassa brukarane er òg viktig.

Senterpartiet vil i komande 4-årsperiode arbeide for

- at fylkeskommunen set av pengar til planlegging og bygging av gang- og sykkelveg langs dei farlege vegstrekningane FV18 Leine-Voldsund, Fv654 Skarabakken til Einedalen skule, Fv61/654 gatelys forbi Myrvåg, gangveg frå Lanterna Marina til Nautøya, over- eller undergang ved «Koppensvingen» FV 654
- samanhengande gang- og sykkelveggar i heile kommunen
- sikker sykkelparkering i Fosnavåg sentrum, og i tilknytning til busshaldeplassen ved Myrvåg

- gangveg i Sandvika, og busstilbod til elevane der
- gangveg langs heile fylkesveg 10, Moltustranda
- sikre avkøyrse til nytt byggefelt i Stokksund sydaust om skulen, for å ikkje sluse alle bilane rundt skulen i rushtrafikken
- tilstrekkelege overgangar for mjuke trafikkantar i Tjørnvåg
- fleire ladestasjonar for elbilar i kommunen
- at fleire kommunale bilar er elbilar
- turstiar der det ikkje er hensiktsmessig med gang- og sykkelveg
- fortau og gangareal må vere universelt utforma
- fartsregulerande tiltak ved gang- og sykkelveg, særleg ved skulane fram til trafikktryggingstiltak vert realisert
- betre kollektivtilbod i heile kommunen
- vedlikehald og opprusting av eksisterande kommunale vegar, bruer og kaier
- at Vegvesenet og fylket sikrar trafikkfarlege kryss og vegstrekningar i kommunen, også før permanente løysingar er på plass, til dømes:

- Leine – Voldsund
- Einedalen - Skarabakken
- Stokksund barne- og ungdomsskule (anleggsarbeid ved utbygging av nytt byggefelt)
- Ny Dragsundbru
- «Koppensvingen»

Næringsliv

Senterpartiet vil arbeide for å halde oppe og utvikle eit variert næringsliv, gjerne i samarbeid med nabokommunane. Alle verksemdar må sikrast gode vilkår for framtidig drift, og det må arbeidast aktivt inn mot myndighetene for gode og langsiktige rammevilkår.

Senterpartiet vil arbeide for

- at Herøy kommune skal ta sin del av ansvaret for matproduksjonen i Noreg, jordvern er viktig
- auke innsatsen for å få på plass lærlingbedrifter i kommunen
- at gjennom kommuneplanen sin arealdel, å sikre at dyrka og dyrkbar jord ikkje vert nedbygd
- å sørge for at bøndene får gode arbeidsvilkår og å framsnakke næringa
- å etablere eit permanent område for torgdrift i Fosnavåg til bruk for lokale matprodusentar
- at kommunen til ei kvar tid kan tilby næringsstomter både til landtilknytte næringar og til dei som er avhengige av sjøtilkomst
- at kommunen gjennom næringsfondet aktivt legg til rette for og støttar opp om nye etableringar i alle næringar
- ei gjennomføring av planane for Fosnavåg hamn
- å regulere inn og legge til rette for næringspark og kaianlegg mot Rovdefjorden. Dette vil legge til rette for nyskaping i kommunen, der ein kan ta inn oljeriggar til klassing, ombygging og slakting som er ei vekstnæring. Eit slikt område kan og nyttast til steindeponi ved bygging av Stadtunnelen
- Om ønskeleg for næringslivet og reiselivsnæringa gå inn i eitt spleiselag og etablere Seawalk i Fosnavåg ytre hamn for å få mindre cruisebåtar til å anløpe Fosnavåg. Om ein ynskjer eit prøveprosjekt, so kan ein i fyrste omgang legge ut fortøyningsbøyer. Er responsen god så bør ein Seawalk komme på plass
- å øymerke områder i Myrvåg for større handelskjeder
- å leggje forholda til rette for reiseliv og turisme, i samråd med lokalbefolkninga og næringane på stadane
- å tildele konsesjon for sommarbåtruter, til dømes Fosnavåg, Runde, Herøy Gard, Jensholmen, Torvik og Kjeldsund
- ei øymerking og freista etablering av område for bobilturistar i nærheita av Herøy Gard og Jensholmen, Kjeldsund og Fosnavåg, samt gjestehamn i samarbeid med lokale reiselivsaktørar og kommunen, der ovannemnde båtruter syter for transport til severdigheitane i Herøy
- eit strategisk oppkjøp av landområder i Myrvåg for vidare utvikling av nødvendige tenester



- at fiskerinæringa gjennom kommuneplanen vert sikra høveleg sjøareal og tilkomst, og sikre at vi har mottak for dei mindre fiskefartøya. Dette for å legge til rette for at ungdom som vil etablere seg i fiskeriyrket skal kunne gjere det utan å måtte forlate heimkommunen for ofte
- å sikre vidare drift av isanlegg i Fosnavåg
- å arbeide opp mot sentrale politikarar for fjerning av formuesskatt på arbeidande kapital for verksemder og enkeltpersonføretak
- å få eit klart nei til eigeidomsrett
- å oppretthalde offentlege servicetenester, som eige lensmannskontor og landbrukskontor
- at arbeidsinnvandrarar må integrerast på ein hensiktsmessig måte i Herøysamfunnet
- å støtte opp om lokale bedrifter ved inngåing av innkjøpsavtaler

Ressursar og miljø

Kommuneplanen er eit viktig arbeidsdokument og må rullerast kvart fjerde år. Ein må leggje stor vekt på naturvern og eksisterande miljø ved kommunal planlegging og utbygging.

Senterpartiet vil arbeide for

- at Herøy skal vere ei grøn kommune
- at framtidige investeringar for Herøy kommune skal ta etiske og miljømessige omsyn
- eit reinare sentrum, med synlege søppelbøtter og jamleg reingjering
- offentlege toalett ved gjestehamner og i turområder
- at lokalmiljøa sitt syn må vektleggast i plan- og avgjerdsprosessen
- at landbruksjorda må takast vare på
- å gjere meir for å kome fram til interkommunalt samarbeid om kommunale tenester. Herøy kommune må samarbeide med nabokommunane om arealdisponering
- at det vert satsa på miljøvennlege nyvinningar
- at Herøy skal vere eit godt forbilde når det gjelder kjeldesortering
- å ta vare på urørt natur, difor vil vi ikkje støtte utbygging av vindmøller
- at kloakksystemet må utbetrast, og at alle husstandar må bli tilkopla godkjent kloakksystem
- at ny gravplass må leggest på ein stad der det ikkje rører ved dyrka mark, og vi støttar eit interkommunalt krematorium for dei som ynskjer det

For Herøy Senterparti er ingen saker for små. Ta gjerne kontakt med oss om saker du brenn for.

Partiet for heile kommunala!